

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	13.05.2024
Vår referanse	2024/21448-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til planendring for Illvatn pumpekraftverk i Luster kommune

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027.

Illvatnet og Nørdestedalen ligg inne i eit område som er kartlagt som svært viktig friluftsområde (Breheimen). Dette er eit stort turområde utan tilrettelegging med store opplevingskvalitetar, som det er viktig å ikkje bygge ned. Det er fleire nasjonale turruter i området, med merka sti mellom Sota Sæter og Nørdestedalsseter som den sentrale i samanheng med planendingar for Illvatnet. I samanheng med m.a. nærleik til nasjonalparken, bør ein vere svært varsam med inngrep i dette området.

Eventuelle omleggingar av stiar i anleggsperiode må skje i samråd med brukarane. Det er viktig at landskapet i størst mogleg grad blir tilbakeført til opphавеleg tilstand, og at eventuelle skader på veg, sti, bruer, klopper og skilt må reparerast til same, ev. forbetra tilstand samanlikna med før anleggsarbeidet.

Det er fisk på dei flate områda i Fortundalselvi nedstraums Nørstedøla, og av omsyn til fisk og ferskvassorganismar er det difor viktig at det ikkje vert avrenning frå deponia. Nedre del av deponiet ved Fivlemyrane ser også ut til å dekke nokre mindre bekkesystem, og konsekvensen av dette må vurderast.

Det er viktig at søkjar set seg inn i den ferske stortingsmeldinga om villrein og oppdatert kunnskapsgrunnlag for delnorm 3 for Reinheimen-Breheimen villreinområde.

Bakgrunn

NVE har planendringssøknad for Illvatn pumpekraftverk i Luster kommune på høyring. Hydro Energi AS har sendt endringssøknaden til NVE for vurdering. Konsesjonen til kraftverket vart gjeve i 2020. Konsesjonen ligg til grunn for høyringa og er ikkje gjenstand for ny høyring.

Skildring av omsøkte endringar

Hydro Energi AS søkjer om følgjande endringar:

- Flytting av tverrslag ca. 1,2 km sørover frå sørenden av Illvatn til Nørdestedalen
- Flytting av deponi frå under HRV i Illvatn til terrenget ved tverrslag i Nørdestedalen
- Auka samla deponert masse frå 300 000 m³ til 510 000 m³, med følgjande fordeling:
 - o Deponi Fivlemyr blir auka frå 200 000 m³ til 320 000 m³.
 - o Deponi Illvatn på 100 000 m³ blir flytta til Nørdestedalen og auka til 190 000 m³
- Etablering av ledevoll i tilknytning til inntak i magasinet ved Fivlemyr

- Oppgradering og utvidingar av veg frå Sveinsøystølen til Fivlemyr. Inkludert veg til Nørdstedalseter.

Fornybar energi

Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen), for Vestland, er nyleg vedteke og legg føringar for korleis kraftssystemet i Vestland skal utviklast. Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i planen.

Hovudmålet i fornybarplanen er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Vidare seier delmål 1 i planen at vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.

Klima

Regional plan for klima 2022-2035 (klimaplanen), for Vestland, er vedteke sidan konsesjonen vart gjeve. Planen legg føringar for korleis Vestland skal bli meir klimarobust og ta vare på naturmangfaldet vårt. Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i planen.


Kulturminne og kulturmiljø

Vi har ingen innspel til endringane m.o.t. kulturminne.

Fysisk aktivitet og inkludering

Illvatnet og Nørdstedalen ligg inne i eit område som er kartlagt som svært viktig friluftsområde (Breheimen), etter Miljødirektoratet sin rettleiar M98 – 2013. Dette er eit stort turområde utan tilrettelegging med store opplevingskvalitetar, som det er viktig å ikkje bygge ned. Det er fleire nasjonale turruter i området, med merka sti mellom Sota Sæter og Nørdstedalsseter som den sentrale i samanheng med planendringar for Illvatnet. Denne ruta går langs austsida av Illvatnet, og det som i dag framstår som eit samanhengande urørt område, inn i kjerneområdet av Breheimen nasjonalpark. Sjølv Illvatnet ligg utanfor nasjonalparken, men geografisk heng området saman og landskapsopplevingane her er noko av det som gir området stor verdi. Det er også merka stiar til m.a. Arentzbu, Trulsbu og Sognefjellet.

Nørdstedalsseter er ei sjølvbetjent hytte drive av DNT Oslo og Omegn.



Figur 1: kartutsnitt som viser turrute til Sota Sæter med kartlag som viser registrert friluftsområde og Breheimen nasjonalpark.

Breheimen nasjonalparkområde har nokre av dei største villmarksprega områda som er igjen i Sør-Noreg, og naturen er svært variert med uvanleg stor spennvidde i naturtypar. Området har difor store

landskaps- og opplevingsverdiar. Dette omfattar òg planområdet. Det finns fleire svært viktige naturtypar i området, mellom desse store rovdyr og fleire rovfuglartar.

På grunnlag av det ovanneemde må ein sjå området i ein større samanheng. Når ein legg saman kartlegging for friluftsliv, utbreiing av villreinområde, nærleik til nasjonalparken, naturmangfald og landskapskvalitetar, bør ein vere svært varsam med inngrep i dette området.

Vi meiner at ein med bakgrunn i landskapsoppleving bør unngå auka deponering i terrenget i eit slik område. Sjølv om deponia vil gro til etter nokre år, er det eit landskapsinngrep som forstyrrar landskapsopplevinga, og som truleg påverke dei sårbare økosystema i høgjellet. Det vil i tillegg verke negativt på turopplevinga langs den merka stien mellom Sota Sæter og Nørdestedalseter, som er ei nasjonal turrute. Vi stiller spørsmålsteikn til om kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald er vurdert godt nok, eller om det er naudsynt med grundigare kartlegging.

Eventuelle omleggingar av stiar i anleggsperiode må skje i samråd med brukarane, t.d. lokalt turlag, DNT nasjonalt og Luster kommune. Det er viktig at landskapet i størst mogleg grad blir tilbakeført til opphavelig tilstand, og at eventuelle skader på veg, sti, bruer, klopper og skilt må reparerast til same, ev. forbetra tilstand samanlikna med før anleggsarbeidet.

Natur

Retningslinje 19 i fornybarplanen seier at ein skal vere restriktiv med kraftanlegg som fører til varige sår i naturen i sårbart høg fjell av stor verdi.

Retningslinje 20 i fornybarplanen seier at ein bør vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging, særskilt i eksponerte område, mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde i sårbart høg fjell.

Vassmiljø og fisk

Fortundalselvi er undersøkt om lag 450 meter oppstraums samløp med Åseteelvi ([Schedel 2015](#)). I same undersøking vart også Middøla undersøkt ved Middalsnosi, men her vart det ikkje påvist fisk. Dette viser at det er fisk på dei flate områda i Fortundalselvi nedstraums Nørstedøla, og av omsyn til fisk og ferskvassorganismar er det difor viktig at det ikkje vert avrenning frå deponia. Nedre del av deponiet ved Fivlemyrane ser også ut til å dekke nokre mindre bekkesystem, og konsekvensen av dette må vurderast. Vi minner om at tiltaka ikkje må redusere miljøtilstanden etter vassforskrifta eller vere til hinder for at tilstanden kan betrast med mindre det kan bli gjeve unntak etter § 12.

Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027 er vedteken sidan det vart gjeve konsesjon. Det er viktig at søkjar og energimynde er oppdaterte på planen.

Villrein

Retningslinje 26 i fornybarplanen seier at ein skal unngå tiltak som reduserer verdiar på leveområdet for villrein.

Det er viktig at søkjar set seg inn i den ferske stortingsmeldinga om villrein og oppdatert kunnskapsgrunnlag for delnorm 3 for Reinheimen-Breheimen villreinområde, som viser at austsida av Illvatn er registrert om trekkområde for villreinen. Vi legg til grunn at villreinnemnda og statsforvaltaren, som og har fått saka på høyring, melder frå om eventuelt anna om villreinen.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø

seksjonssjef

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot

rådgjevar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
LUSTER KOMMUNE	Postboks 77	6866	GAUPNE